



**LINDÅS KOMMUNE**

Teknisk etat  
Byggesaksavdelinga  
5914 Isdalstø

Arkiv: 188/633  
Saksmappe: 02/01163-46  
Sakshandsamar: Tore Svendsen

Arkitekt Rolv Eide  
Postboks 325,

5343 STRAUME

ARKIV

Saksnr	Sakstype	Vedtaksdato
092/03	Delegert sak handsama av bygnings sjefen	07.04.2003

**Byggjesak - Bruksendring for del av parkeringsareal til kontor  
Reklamehuset Eiendomsselskap ANS - Gnr 188 Bnr 633 Gjervik ytre**

**Dokument :**

Søknad om løyve til tiltak, motteken 17.03.2003.

- teikningar i målestokk 1: 200
- situasjonsplan i målestokk 1: 500
- kvittering for send nabovarsel
- oppgåve over prosjekteringsansvar
- oppgåve over utføringsansvar
- brev til Arbeidstilsynet
- avtale om 15 parkeringsplassar, dagsett 15.01.2003

**Saksutgreiing :**

Søknaden gjeld bruksendring for deler av parkeringsarealet i underetasjen. Dette fører med seg at kravet om tal parkeringsplassar vert auka frå 44 til 48. Desse plassene er synleggjort, skriftleg, og vil fordele seg med 11 i underetasjen, 2 i front av austveggen(framfor garasjen), 13 langs vestveggen, 7 hos Foss Eiendom og 15 plassar hjå Thomassen Eiendom.

Arbeidstilsynet er varsla om søknaden, men det ligg ikkje svar frå dei.

Det er dei same aktørane/føretak som allereie er godkjent, både som prosjekterande og utførande, som skal stå for dette tiltaket også.

**Vurdering:**

Bygningssjefen har ingen merknader til søknaden om bruksendring. Bygningssjefen merker seg at det ikkje ligg føre godkjenning frå Arbeidstilsynet.

**Vedtak:**

Søknaden om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 93, vert godkjent i samsvar med innsende teikningar, planar og utgreiingar elles på følgjande vilkår :

1. Arbeidstilsynet skal godkjenne teikningane.
2. Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve (pbl § 99).

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år(jf. pbl. § 96).

**Godkjenningar (pbl §§ 93 b, 97, 98 og 98 a )**

Sjå DF sak 140/02, dagsett 17.06.2002.

*Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagt orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd).*

for bygningssjefen

Tore Svendsen  
sakshandsamar

Kopi: Reklamehuset Eiendomsselskap ANS, 5914 Isdalstø